

# Årsplan 2011- 2012

Lyefjell barnehage



Time kommune



**TIME KOMMUNE  
- TRYGG OG FRAMTIDSRETTA**

Kommunen skal vera prega av :

Ansvar

Engasjement

Gjensidig respekt

Optimisme

Velkommen til Lyefjell barnehage.

Visjon og mål for pedagogisk arbeid..... 3

Dagleglivet i barnehagen..... 5

Pedagogisk grunnsyn .....5

Fysisk miljø og nærmiljø .....5

Organisering i barnehagen .....5

Medverknad ..... 5

Barnemedverknad .....6

Foreldremedverknad .....7

Fagområda ..... 8

Pedagogisk årshjul ..... 9

Samarbeidspartnarar.....11

Satsingsområder.....11

Administrativt årshjul.....12

## VELKOMMEN TIL LYEFJELL BARNEHAGE.

Lyefjell barnehage blei opna hausten 1984. Barnehagen ligg ved Lye skule og idrettshall. I kjellaren er det lokale som blir nytta til open barnehage og fritidsklubb. Time kommune eig og driv barnehagen. Vi vil gjerne ha tilbakemelding/spørsmål og kommentarar til det som står skrive.

Lykke til med eit godt arbeidsår, og til samarbeid om ein god barndom for barna!

### *Visjon og mål for pedagogisk arbeid*

Visjon til oppvekst:

**Alle barn skal ha oppvekstvilkår som gjev dei lyst på livet og evne til å meistre det.**

Visjon til Lyefjell barnehage:

Kjensle av at vi har god tid i møte med det enkelte barn. Vi samhandlar, lyttar til og respekterer kvarandre i eit fellesskap.

**For å nå visjonen har vi satt opp følgjande mål for dette barnehageåret:**

- Barn og foreldre skal ha medverknad.
- Barna skal bli høyrte og sett og få bidra med sine interesser.
- Barnehagen skal vera ein lærande organisasjon.
- Barna og foreldre skal føle seg trygge i barnehagen gjennom samarbeid og forståing.
- Barna skal ha eit omsorgs - og læringsmiljø som fremmer trivsel, livsglede og meistring.

**For å nå vår visjon stiller vi følgjande krav til måten vi vaksne arbeider på:**

- Vi organiserer og planlegger slik at barn og foreldre får tid og rom for medverknad.
- Vi skal aktivt lytte, støtte og utfordre barn ut frå deira føresetnadar.
- Vi er i stadig endring og utvikling som læringsarena for barn og vaksne. I møtet er vi tydelege og trygge på eigen kompetanse.
- Vi skal aktivt arbeide med omsorg og læring. Personalet skal i samvær med barna medvirke til at barnas individualitet. Sjølvhevdning skal skje trygt innanfor fellesskapets normer og reglar.
- Vi er autorative vaksne som nyttar ros og oppmuntring effektivt.

Barnehagen skal være ein lærande organisasjon som er prega av planar/dokumentasjon, refleksjon og vurdering. Som verktøy nyttar vi kvalitetskrysset, lærings sirkelen og Levit`s diamant. Gjennom kunnskap om barns utvikling individuelt og i gruppe skal vi ha fokus på handling. Vi ser på utviklingsarbeid som ein kollektiv basert læringsprosess.


### Kvalitetskrysset.

Vi brukar kvalitetskrysset ved evaluering og refleksjon.

Kva er bra?	Kvifor?
Kva kan verta betre?	Korleis?


### Lærings sirkelen.

All læring er basert på lærings sirkelen.



### Levit`s diamant

Når ein lærande organisasjon skal utvikle seg må ein påverke alle faktorane.



### Dagleglivet i barnehagen Pedagogisk grunnsyn

Barnehagen skal støtte og ta omsyn til kvart enkelt barn, samstundes som omsynet til fellesskapet skal ivaretas. Vi trur på eit heilskapleg lærings syn. Det betyr at barn si utvikling er dynamisk og eit tett samanvevd samspel mellom deira fysiske og mentale føresetnadar og miljøet dei veks opp i. (Jfr rammeplanen kap. 1.3.) Fysisk fostring, sosial kompetanse, leik, språk, og estetiske fag vil stå sentralt.

Vi har eit ute og innemiljø som fremmer leik og varierte aktivitetar for alle.

## Organisering i barnehagen.

Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
Tema: Sosial kompetanse. Vennskap og gode relasjonar Leikegrupper. Tur grupper	Tema: Leik Barnas dag med leik og læring.  Nøtteliten ute på føremiddag.  Møte for personalet	Tema: Språk leik.  Lese stund.	Tema: Matte leik. Klosser/ byggeleik Tur grupper med vekt på antal, rom og form.	Tema: Kunst, kultur og kreativitet-estetikk.  Tur grupper.

## Open barnehage.

Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
Tema: sosial kompetanse.	Tema: leik. Smørjemåltid	Tema: Leik, vennskap og gode relasjonar Musikksamling.	Team: Gymnastikk. Fokus på fysisk fostring.	Open barnehage stengt. FRI.

Vi deler barna inn etter alder/modning for å kunne tilrettelegge for det enkelte barn. Personalet vil lage opplegg som utfordrar barna og bidrar til utvikling. Me ynskjer å fremme nysgjerrighet og utforskar-evne hjå barna.

Barna (ikkje open bhg) får gå på tur to dagar i veka, det stimulerer utvikling fysisk, fagleg og sosialt. På tur får barna oppleve nærmiljø, natur, ver og vind. Barna får leike og utforske i samspel med andre barn og vaksne. Personalet har ansvar for å undre seg i lag med barna og skape utfordringar, bruke tema, bøker, songar, leiker, eksperiment. Tema gruppa inne får god plass og ro når halve barnegruppa er ute. Tema som sosial kompetanse og språk skal vere spesielt vektlegg i denne inne-tida og vil bli tatt opp i samlingstunn, leik, aktivitetar osv..

## **Medverknad**

Barn gir uttrykk kroppslig og språkleg korleis dei har det. Barna skal takast på alvor når dei gir uttrykk for kjensler. Dei må oppmuntrast aktivt til å gi uttrykk for tankar og meiningar, og møte anerkjenning for uttrykka sine. For at barna skal kunne medverka må det vera god kommunikasjon mellom barna, personalet og foreldra.

Barnehagens rutinar må organiserast og planleggjast slik at det blir tid og rom for barna til å medverke. Personalet må forsøke å få tak i barns synspunkt; og det som kjem fram må brukast som utgangspunkt for diskusjon og få betydning i praksis. Arbeidet med bevisstgjerjing av vaksnes haldningar og kommunikasjonformer er viktig. Utvikla systematiske arbeidsformer for å innhenta og følgje opp barns synspunkt i planlegging og vurdering. Det fordrar personale som er sensitive og reflekterte.

## Barnemedverknad

**MÅL:** Barn har rett til å uttrykke seg og påverke alle sider ved sitt liv i barnehagen.

Kva	Delmål	Gjennomføring	Dokumentasjon	Vurderer
Vise respekt for barns perspektiv og uttrykksform	Barns rett til ytringsfridom. Samtidig vaksne som beskytte og gir omsorg.	Legge til rette for leik og støtte opp under leikende samspel.	Personalet	Personale Au.
Prosedyrar	Innhente barns synspunkt.	Rutinesituasjonar Barnesamtalar		
Vaksenrolla	Vaksne som legger merke til og samspiller med barnas ulike uttrykksformer.	Refleksjon og kritisk drøfting av - kroppslig, nonverbalt og verbalt språk.	Personalmøte. Blant barna.	Personalet. Au.
Støttande personale.	Rettferdig fordeling av barns moglegheit for medverking.	Ta kritisk blick på fordeling av merksemd og mønster for kontakt.	Observasjon av barnegruppa og personale	Ped.leiar. Foreldre.
Annerkjennin g	Barn erfarer at egne opplevingar og perspektiv er verdt å koma med, også når de er ulike andres.	Vaksne som viser ekte innleving og interesse for det enkelte barn. Bruker tid, syn, hørsel og kjensler.	Personale Barn	Barna Foreldra.
Planar	Barna får arbeide og leike med det dei ønskjar ut frå gitte rammer.	Personalet observerer, dokumenterer og støtter opp under barnas interesser og læring	Personale Barn	Personale Barn Foreldre
Omsorg i kvardags- situasjonar	Samtale med barna. Formidle respekt og aksept, tillit og tiltru. Forstå /tolke uttrykk, mimikk, kroppslig og språkleg.  Likestilling.	Gjensidig samspel. Opplever varme og kjærleik i bhg. Tas på alvor. Kjensle av eigenverd.  Både jenter og gutar skal bli sett og høyrde.	Ivareta primære behov. Øyenkontakt. Nærleik, sitte på fanget, klem. Lytta til, støtter og utfordrar. Innleving og samspel. Merksemd og open tillit.	Erfaringane og synspunkta til barna skal inngå i vurderingsgrunnlaget.
Leik	Barna deltar med direkte innspel om kva dei liker å gjere i bhg. Stor fridom til å velje aktivitet. Barne kultur ivaretas. Ta omsyn og vise omsorg.	Leik med initiativ, fantasi og engasjement. Vennskap, bryr seg om kvarandre, løyser konflikhtar og tek andre sitt perspektiv.  Sjølvhending.	Dokumentasjon som grunnlag for refleksjon og læring. Materiell ligg tilgjengelig for barna. Engasjere seg med det dei ynskjer å leike/ arbeide med.	
Læring	Eit rikt, variert, stimulerande og utfordrande læringsmiljø. Ut frå føresetnader til barnet. Nysgjerrige, kreative og lærevillige.	Tillit til seg sjølv og andre. Motivasjon for læring og positivt forhold til seg sjølv. Individuelt tilpassa og likeverdig tilbod	Ut frå interesser, kunnskapar, ferdighetar og utviklingsnivå. Undring. Rosande og støttande relasjonar. Delta i daglege gjeremål.	
Sosialt	Nestekjærleik og solidaritet. Barna gi uttrykk for sitt syn på verksemda. Ytringsfridom. Oppleve glede og meistring. Tid til gode samtalar.	Innleving i situasjonen til andre menneske. Barna seier kva dei meiner. God kommunikasjon. Samhandlar positivt.	Aktiv deltaking i planlegging. Er med i plan arbeid, innhald for mnd. veka og dagen. Ut frå gitte rammer. Gi tid og rom til å lytte og samtale.	Barna med og vurderer verksemda.
Fagområda	Barna får støtte til å stille spørsmål og undre seg. Gode opplevingar, erfaringar og læring i fagområda. Barnesamtalar.	Barna gir uttrykk for tankar og meningar, og møte anerkjening. Positivt forhold til fagområda og motivasjon til å lære meir.	Barna får velje lærings strategi individuelt.	

## Foreldremerknad

**MÅL:** Barnehagen skal gi barn under opplæringspliktig alder gode utviklings- og aktivitetsmuligheter i nær forståing og samarbeid med heimen.

Med forståing meiner ein gjensidig respekt og anerkjening for kvarandre sitt ansvar og oppgåver i forhold til barnet. Med samarbeid meiner ein regelmessig kontakt der informasjon og grunngevingar utvekslast. Foreldra og barnehage-personalet har eit felles ansvar for barna sin trivsel og utvikling. Det daglege samarbeidet må byggja på tillit og god kommunikasjon. Foreldra må kunne stole på at dei kan ta opp det som opptar dei i forhold til barnet og barnehagen, sjølv om det skulle innebera kritikk. Ein skal kunne ta opp spørsmål knytta til trivsel og utvikling, samtidig som barnehagens pedagogiske verksemd skal drøftast. Personalet må finne balansen mellom respekt for foreldra si prioritering og å ivareta barna sine rettar og grunnleggande fellesverdier som barnehagen er forplikta på. Foreldra skal inviterast til merknad.

Kva	Del mål.	Gjennomføring	Dokumentere	Vurderer
Oppstart samtale.		-Drøfte med foreldra kva dei ønskjer å medverke i, og korleis. -Kva er viktig for det enkelte barn. -Mål for indiv.opp.	I barnemapper. HMS.	Pedagogisk leiar. Styrar Verneombod.
Bringe og hente situasjonen.	-Førståing og samarbeid. -Gjensidig respekt -Openheit og tillit. --Stole på kvarande. -Lytte og vise innsikt. -Regelmessig kontakt der ein utvekslar informasjon og grunngevingar	-Møte barn og foreldre. - Tar imot beskjeder, og informerer vidare. -Registrerer barnet. -Utvekslar informasjon og grunngevingar.	Foreldresamtalar HMS	Foreldre Pedagogisk leiar. Styrar Verneombod.
Samarbeidsutval	-Medvirkning og innsyn i barnehage drifta.	-Godkjenne årsplan. -Drøfte høyringar og praktisering av verdigrunnlag. -Info om dagleg drift og økonomi.	Saksmappe	Samarbeids utvalet.
Foreldreråd/ foreldremøte.	-Reell medvirkning. -Barnehagen er open for kva foreldra ventar og ønskjer. -Drøfte praktisering av verdigrunnlag.	-Samtale og synspunkt kjem fram. -Gruppearbeid. -Ulike metodar bli nytta.	Saksmapper HMS.	Styrar Verneombod Styrar.
Foreldresamtalar	- Skape godt grunnlag for tryggleik, utvikling, livslang læring og aktiv deltaking i eit demokratisk samfunn.	-Gjennom førast ved behov. -Trivsel / utvikling til barnet og den pedagogiske drifta skal drøftas. -Rettleiing når det gjeld omsorg og oppdragar oppgåver -Info. Om hjelpeinstansar -Individuell opplæring.	Barnemapper HMS.	Pedagogisk leiar Personale. Styrar Verneombod.

Nye foreldre i barnehagen - Det første møte er avgjerande for framtidig samarbeid.

Garderoben - møta og samtalen. Still spørsmål om barnas trivsel, praktiske ting, og fortel med små eksempel at det er stor merksemd og omsorg rundt barnet. Her er det profesjonelle, varme menneske til stede. Personalet gir tilbakemelding ved henting korleis barnet har hatt det i løpet av dagen, ein generell ting og ein spesiell ting.

Foreldra kan lære av personalet og personalet kan lære av foreldra. Personalet har teieplikt.

Gjensidig informasjon er viktig.

Foreldre samarbeid må utviklast heile tida, det er ein del av barnehagen sin kultur. Sjekke mål og metodar til ei kvar tid mellom foreldre og tilsette.

Gjensidig respekt på alle plan er avgjerande for barnas beste. Foreldremøte er viktig og vi ber om at alle møter opp.

## **Fagområda**

Rammeplanen held fram 7 fagområde som alle skal vektleggjast i arbeidet med alle barn i barnehagen. Dei 7 områda er:

- Kommunikasjon, språk og tekst
- Kropp, rørsle og helse
- Kunst, kultur og kreativitet
- Natur , miljø og teknikk
- Etikk, religion og filosofi
- Nærmiljø og samfunn
- Tal, rom og form

I Time kommune har vi over tid arbeidd med barnas basisferdigheter i forhold til sosial kompetanse, matematikk, språk, tekst og kommunikasjon. I 2010 - 2011 har Lyefjell barnehage arbeida med: forming. Dette året vil vi arbeide med ESTETIKK, Det handlar om følelsar og sansar. Den kunnskap ein får gjennom sansane, refleksjon over sanseintrykk, erkjenning gjennom sansing, kjensleerkjenning og liknande. Vi har utarbeida plan som ligg på heimesida og du kan få det i papir utgåve i barnehagen.

Det vil avhenge av barnas alder, modning og interesser, korleis arbeidet med fagområda vert arbeidd med i dei enkelte barnegruppene. Lyefjell barnehage har utarbeida ein progresjonsplan som vil bli nytta i forhold til fagområda.

Det er naturleg at det vert vektlagt fleire område inn i tema og opplegg samtidig. Den vaksne må ha god kunnskap og formidlingsevne for å kunne flette fagområda inn i forhold til barnas leik og kvardagsaktivitetar. Det er svært viktig at barna vert sett og høyrte med sine spørsmål og undringar. Barnas egne interesser skal vekt leggjast for å kunne imøtekoma barnas medverknad og motivasjon for å lære. Vår lokale tilknytning vil vi nytte oss av.

Det vert utarbeidd dokumentasjon for kvar barnegruppe som viser korleis vi har arbeida med fagområda for å sikre det einskilte barn og barnegruppa som heilskap. Dette vert dokumentert på månadsplanar, avdelinga, i bøker til dei minste, i foreldresamtalar og treff.

Barnas ytringar: Me nyttar barnas tankar og ytringar for vidare arbeid med tema. Ved å lytte til kva barna er nysgjerrige på og kva dei spør om kan vaksne legge til rette for vidare utfordringar og læring.

Leik fremmer fantasi, overraskingar og estetiske opplevingar i møte med nye element som vann, blommar, stein osv.. Vi vil leike med tankar, ord og språk. Leik fremmer sosial kompetanse og vennskap.

Sansane vil vera utgangspunkt for alt arbeid neste år. Kva vi sansar med syn, øyre, kroppen, følelsar, smak, lukt, osv.. Barna er nysgjerrige og undrar seg, utforskar og eksperimenterer. Personalet skal observere barna, reflektere i lag med barna, skrive ned det som blir sagt, reflektere rundt det og dokumentere arbeidet. For så å fremme og legge til rette for vidare eksperimentering og ny kunnskap hos barn og vaksne.

## Pedagogisk årshjul

Mål: Alle barnehagar skal ha ein plan over arbeidet slik at det blir eit system som sikrar det pedagogiske arbeidet og fôrutsigbart for alle i planlegging.

Månad	Kva skjer i Kommunen	Ansvar
	Kva skjer i barnehagen	
August	Oppstart av nytt bhg år 16.aug Planleggingsdag 15.08. Foreldresamtaler med nye foreldre.	Styrrar
	Bli kjent med barn og vaksne. Bli kjent med rom inne, ute og rutinar. Tema: Vennskap, sosial kompetanse	Pedagogisk leiar Kvar avdeling.
September	Foreldre møte mandag 05.09. kl.17.00	Styrrar
	Tema: Bli kjent i nærmiljøet, glede og leik. Kva er estetiske opplevingar i små barns liv? Kva legge barna merke til, kva ser dei, høyre dei og lukter dei? Kva er barna interessert i?	Pedagogisk leiar Personalet.
Oktober	Livsglededøgnet  24.okt.FN Haustferie veke 41 (10 -14 oktober) Utlån av barnebøker til heimane.	Styrrara / oppvekst  Styrrar Personalet.
	Tema: Naturen som arena. Sansestimulering. Sjå, lytte, føle, springe, leike og undre oss i lag. Forme med naturmaterial. Dokumentere det barna er opptatt av, reflektere omkring det og gi impulsar.	Pedagogisk leiar Personalet.
November	Foreldresamtalar Planleggingsdag 18.11 Felles i kommunen	Alle
	Tema: I leiken opplever barna glede og spenning, utforskar inntrykk og opplevingar. Barna prøver ut ulike måtar å forholde seg til situasjonar på, leken gir barnet estetiske opplevingar og erfaringar. Utvikling og læring i leik. Kreativitet.	Personalet
Desember	24.12 + 31.12 stengt Besøk i kyrkja Søknad om enkeltvedtak	
	Tema: Advent og juleførebuingar. Inspirere til fantasi, skaparglede og livsglede.	Pedagogisk leiar Personalet.
Januar	Planleggingsdag 02.01.	Styrrar
	Tema: sansar: Syn- ser - farger, former Språk tekst og kommunikasjon	Pedagogisk leiar Personalet.

<b>Februar</b>	<b>Karneval, fastelavn. Vinterferie veke 8 (20-24 februar)</b>	<b>Pedagogisk leiar Styrar</b>
	Tema: sansar: Hørsel- kva høyre vi, kva oppfattar vi, lytter vi. Musikk, dans og drama.	Pedagogisk leiar Personal.
<b>Mars</b>	<b>1.mars søknadfrist til barnehage plass/ endring av plassen. Planleggingsdag 19 mars.</b>	<b>Styrar AU.</b>
	Tema: Følelser: varmt / kaldt, hardt / mjukt, blaut / tørt,	Pedagogisk leiar Personal.
<b>April</b>	<b>Påskeferie 5-9 april. Foreldre samtalar.</b>	
	Tema: Fantasi- kreativitet.	Pedagogisk leiar Personal.
<b>Mai</b>	<b>Fri dager 1.mai, 17.mai tog for alle på Lyefjell. Planleggingsdag 18 mai, fridag 28 mai.</b>	<b>Styrar AU kontakt.</b>
	Tema: Estetikk- bli berørt av naturens spirer. Møte med skulen for 5 åringane.	Pedagogisk leiar Personal.
<b>Juni</b>	<b>Siste skuledag 21.06.12</b>	<b>Styrar</b>
	Tema: Leik og livsutfolding. Skaparglede Barn veks i kunnskap og utrykk.	Personal.

## ***Samarbeidspartnarar***

Barnehagen samarbeider med andre tenester og institusjonar for å gi eit best mogleg tilbod til barn og foreldre. Heilskapstenking står sentralt.

Våre samarbeidspartnarar:

**PPT** Pedagogisk psykologisk teneste. PPT vil koma fast i barnehagen.

**Ressursteam** Tverrfagleg team som består av helsesyster, barnevern, PPT og barnehagen.

**Skulen** Vi samarbeider med skulane om overgang bhg. - skule. (Overgangssamtale med skolen på våren, felles 17. mai tog, besøk på skulen med barnehagen, overlevering av skjema til skulen.

**Andre bhg.** Vi har nettverk med dei andre barnehagane i kommunen.

**Andre.** Barnehagen er øvingsbarnehage for Universitetet i Stavanger  
I tillegg samarbeider vi med dei ulike tenestene og tenesteområda på rådhuset.

## Administrativt årshjul

Månad	Før alle i kommunen Kva skjer i barnehagen	Ansvar og evaluering
August	Oppstart/tillvenning Nytt personale, vakter Planleggingsdag 15. august Ferie for personal	Styrer / ped.leiar. Styrar
	Bli kjent. Oppstart samtalar med foreldra. Ped.leiar samtale med sitt personale HMS- beredskapsplanar.	Primærkontakt. Ped.leiar. Styrar.
September	Foreldremøte m/ valg av SU medlemmer Oppdatering av ferielister/restferie	
	Ped.leiar møte starte opp. Møte med AU Oppfølging av nyttilsette.	Styrar/førskulelærar.  Styrar.
Oktober	Foreldresamtaler Oppfølging av nyttilsette Møte samarbeid bhg - skule	Ped.leiar/førskulelærar. Kommunal / styrar. Kommunen/ped.leiar.
	Brannøving, instruks. Foreldre kaffi/ FN-kafe	Styrar. Styrar. Ped.leiar.
November	Sakkyndig tilråding Samarbeid bhg - skule	
	Liste og vaktplan for jula. Brannøving Planleggings dag 18.11 Foreldresamtalar	Styrar. Verneombod  Pedagogisk leiar
Desember	Søknadsfrist enkeltvedtak. HMS- revissjon/system kontroll	Styrar/foreldre Styrar
Januar	Planleggingsdag 2.januar Evaluering / planarbeid Nytt budsjett	Styrar.
	Medarbeidar samtalar	Styrar.

Februar	1. februar - søknadsfrist for permisjoner og reduserte stillingar. Vedtak om enkeltvedtak/søknad om ekstra ressurser. Tilsetjingar.	
	Medarbeidar samtalar Brannøving. HMS kontroll og rapportering.	Styrrar. Verneombud og styrrar.
Mars	<b>Opptak av nye barn</b>	
	Påskeferie lister Foreldremøte v/au Brukar undersøking. Planleggingsdag 19 mars felles i kommunen.	Styrrar Foreldra. Oppvekst.
April	<b>Sommerferie - lister til barn og foreldre</b>	
	Tilsette nytt personale. Oversikt over vedlikehald bygg. Overleverings samtale med skulen Plan arbeid- informasjon hefte, årsplan.	Styrrar. Styrrar/samfunn. Styrrar/pedleiar. styrrar.
Mai	<b>18 mai planleggingsdag</b>	
	Evaluere og skrive årsplan Foreldremøte for nye foreldre	Personal v. Styrrar.
Juni	<b>Årsplan Årsmelding Sommerferie avvikling</b>	
	Besøks dag for nye barn. Plan for sommaropen barnehage Personal avslutning. Su. Møte. Adresse og telefonlister, klargjer hausten.	Styrrar Ped.leirar Styrrar. Styrrar.
Juli	<b>Sommerferie avvikling</b>	

Personalsamarbeid skal bygge på respekt;

- sjå på deg sjølv og andre som likeverdige
- ta ansvar for dine egne oppfatningar og kjenslar.
- motstå nedsetjande haldningar og forutinntatthet.
- ikkje bruk smiger og manipulering for å oppnå noko
- vær ærleg om dine personlege grenser. Ikkje sei ja når du meine nei.
- vis deg tilliten verdig ved å tie om folks betroelser
- ta personen og det han seie på alvor.

Lyefjell barnehage  
Sentervollen 29  
4340 BRYNE.  
Tlf.52488274.  
e-post: [berit.time.bo@time.kommune.no](mailto:berit.time.bo@time.kommune.no)

Time kommune  
P.b.38, 4349 Bryne  
tlf 51 77 60 00  
fax 51 48 15 00  
e-post: [postmottak@time.kommune.no](mailto:postmottak@time.kommune.no)  
[www.time.kommune.no](http://www.time.kommune.no)



